

Møteinnkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad: E-post
Dato: 07.09.2017 – 13.09.2017
Tidspunkt:

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 40904341 eller e-post: astrid.haavik@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Alle delegerte vedtak ligg ute på: www.miljovedtaksregisteret.no.

For dei som skal sende reiserekning sjå:

Selvbetjeningsportal for mottaker av honorar

<https://dfo.no/Kundesider/Lonnstjenester/Selvbetjening/Selvbetjeningsportal/>

Saksliste

| Saksnr | Innhald | Arkiv saksnr |
|----------|--|--------------|
| ST 14/17 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | |
| ST 15/17 | Framlegg - Dronefilming i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde - Reisemål Hardangerfjord | 2017/10867 |
| ST 16/17 | Framlegg - Organisert ferdsel - Ski & sail Rosendal | 2017/7682 |
| ST 17/17 | Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Nyting av Hattebergsdalen i samband med feltskyting under Vestlandsstemnet 2018 - Kvinnherad Skyttarlag | 2017/9680 |
| ST 18/17 | Til orientering - Status tiltaksmidlar 2017 | 2017/3249 |
| DS 14/17 | Delegert vedtak - Kvinnherad - Landingsløyve for helikopter - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna Opp | 2017/9148 |
| DS 15/17 | Delegert vedtak - Motorferdsel med helikopter i samband med ombygging av stølshus - Vierdal - Folgefonna nasjonalpark | 2017/7701 |
| DS 16/17 | Delegert vedtak - Motorferdsel med heilkopter i samband med ombygging av stølshus - Vierdal - Folgefonna nasjonalpark | 2017/7701 |
| DS 17/17 | Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel for befarng i samband med filminnspilling - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre | 2017/6043 |
| DS 18/17 | Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Buerdalen - Godkjenning av tiltak fra Buer til Buarbreen | 2017/7342 |
| DS 19/17 | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Bruk av helikopter til transport av materialer og verktøy - Bu/stølshus i Lundal | 2017/5711 |
| DS 20/17 | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om å fly helikopter til Holmaskjer med proviant - Odda Ullensvang turlag | 2017/6350 |
| DS 21/17 | Delegert vedtak - Motorferdsel med helikopter i Folgefonna og Buer - forskning - Norges geologiske undersøkelser | 2017/7663 |
| DS 22/17 | Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport til Fonnabu og Breidablikk turisthytter | 2017/6953 |
| DS 23/17 | Framlegg til AU - Søknad om å køyre med bil til Bondhusvatnet - Bondhusdalen landskapsvernområde - Møteplassen Aksen | 2017/7004 |

ST 14/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Arkivsaksnr: 2017/10867-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 06.09.2017

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 15/17 | 07.09.2017 |

Framlegg - Dronefilming i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde - Reisemål Hardangerfjord - Folgefonna nasjonalparkstyre

Framlegg frå forvaltar

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:


Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48 gjev arbeidsutvalet i Folgefonna nasjonalparkstyre Reisemål Hardangerfjord ved Kristoffer Fürstenberg løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 12. – 21. september 2017.
- Løyvet gjeld for inn til ein times flytid på kvar lokalitet.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernet.
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilag dagar.
- Før filming skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på tlf: **970 23 013**
- Rapport over utført fyking skal sendast til fmhopostmottak@fylkesmannen.no Referanse 2017/ 10867.

Søknad

Reisemål Hardangergfjord søker om løyve til å filme med drone i to dagar i perioden 12. – 21. september 2017. Ansvarleg for filminga vil vere Kristoffer Fürstenberg som er tilsett ved Bergen reiselivslag. Føremålet med filminga er å lage film til promotering av fotturen inn til Buerbreen og å promotere Folgefonna Breførarlag sitt tilbod med breføring i Juklavassbreen. Alt filmmateriale kan og nyttast vederlagsfritt av Folgefonna nasjonalparkstyre om ønskeleg. Områda det er aktuelt å fyke i er vist på karta under. Ruta til Buer kryssar grensa for nasjonalparken og difor trengs det løyve der også.



Lovheimel:

Saka gjeld bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i naturmangfaldlova og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 7.2. står det:

Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.

Under denne bestemminga fell også bruk av dronar. Det er ikkje opning for å søkje om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vurdering av saken

Bruk av drone er forbode i Folgefonna nasjonalpark, men det er høve å søke Folgefonna nasjonalparkstyre om dispensasjon. Delar av verneområdet har særleg sårbar natur, mens andre deler er særleg viktige friluftsområde. For å flyge med drone i nasjonalparken treng du eit løyve frå Folgefonna nasjonalparkstyre, i så fall gjeld strenge reglar for å få dispensasjon. Produksjon av naturfilm og naturinformasjon har tidlegare fått løyve til bruk av helikopter til filming. I slike tilfelle kan bruk av drone ha mindre påverknad enn alternativet med helikopter og det vert vurdert. Lovar og regler legg ikkje opp til filming med drone til privat bruk, dokumentering av aktivitet, marknadsføring av einskildaktivitetar og bedrifter mm. I dette høvet er filminga ein del av eit nasjonalt reiselivsprosjekt.

Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av dronedying på denne tida av året (databasane er sist sjekka 01.09.2017).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette kva type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. For å filme frå lufta i nasjonalparken er det berre drone eller filming frå helikopter som er aktuelt. Droner er mykje meir skånsamme for verneverdiane å bruke enn helikopter, då dei er mindre, bråkar mindre og krev mindre flytid. Det er veldig populært å ha droner for tida og faren med å gje eit løyve er at folk som ser ein drone som fyker i området har lite moglegheit for å vite om ein treng løyve for å fly lovleg. Det vert oppfordra til å informere så godt som råd er når ein er på ein lokalitet og filmer, slik at publikum skjønner at det ikkje er fritt fram å filme med dronar i verneområdet.

I dette tilfellet vil ikkje bruk av drone ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er likevel viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å kjøre på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

Arkivsaksnr: 2017/7682-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 26.07.2017

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 16/17 | 07.09.2017 |

Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Organisert ferdseil - Ski & sail Rosendal

Tilråding frå forvaltar

Ski&Sail Rosendal 2018 får løyve til organisert turverksemd for toppturar på ski etter § 3, punkt 5.2 i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark og § 3, punkt 4.2 i verneforskriftene for Hattebergsdalen, Ænesdalen, Bondhusdalen og Buer landskapsvernområde.

Vilkår

- Løyvet gjeld for inntil 130 deltakarar inkludert guidar.
- Løyvet gjeld i perioden 25.-29. april 2018
- Arrangør og vegleiarar må gjere seg kjent med vernereglane og retningslinene i forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda rundt.
- Deltakarane må gjerast medvitne om at dei oppheld seg i verna område og at det er viktig med sporlaus ferdseil.
- Arrangør må forsikre seg om at alt søppel vert frakta ut av verneområda, og levert på godkjent plass.

Søknaden

I samband med Ski & Sail Rosendal 2018 arrangerer Hardanger åtgauum og ekstremспортveko toppturar til forskjellige destinasjonar rundt Rosendal, der nokre vil vere innafor Folgefonna nasjonalpark. Fokuset på trygg ferdseil er fremste prioritet. Gode opplevingar vert også trygga av gode løysingar med omsyn til logistikk. Me er

klare over innslagspunktet for organisert ferdsel på 50 personar. Totalt hyser skipet 120 personar som me fordeler på ulike turmål etter ynskje og dei lokale tilhøva. Den endelege fordelinga vil vera klar under toktet og baserer seg på vér og føre. På guida turar og kurs (topptur, skisegling, kiting, brevandring) nyttar me godkjende tenestetilbydarar (Bre og fjell, Northern Exposure, Folgefonna Breførarlag, Skikite.com).

Naturmangfaldlova og verneforskrift

Søknaden gjeld ferdsel som kan gå inn i Vern av Folgefonna nasjonalpark og dei fire landskapsvernområda rundt er fastsett i forskrifter vedteke 29.4.2005. Føremålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og tilnærma urørt vestlandslandskap. I alle forskriftene er det stadfesta at ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Vidare gjeld desse reglane for ferdsel:

§ 3 for Folgefonna nasjonalpark

5. Ferdsel

5.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne.

5.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 5.

§ 3 for landskapsvernområda

4. Ferdsel

4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 7.

Frå forvaltningsplanen:

«Det som i dag går føre seg av organisert turverksemd i Folgefonnaområdet er etter alt å døme sannsynlegvis ikkje i strid med verneføremålet. Forvaltningsstyresmakta vil likevel følgje med på utviklinga, og vurdere om det kan vere grunnlag for nærmare retningsliner for slik verksemd i samband med rullering av forvaltningsplanen. Det vil på sikt verte laga bevaringsmål for friluftslivet i nasjonalparken.

Organisert turverksemd

Ein aktivitet vert rekna som organisert når han krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking. Ofte dreiar dette seg om aktivitet i regi av turlag eller reiselivsaktørar.

Det er ikkje forbod mot organisert turverksemd til fots i nasjonalparken, så lenge dette føregår på ein slik måte og av eit slikt omfang at naturmiljøet ikkje vert skadelidande, jf. pkt. 5.2 i vernereglane. Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta og grunneigarar.»

Vurdering av saken

Føremålet med vern av Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på eit stort område med urørt natur med eit variert landskap med store naturverdiar. Samtidig er det ein del av føremålet at alle menneske skal ha høve til å oppleve naturen her gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Både i nasjonalparken og i landskapsvernområda er organisert turverksemd til fots tillate. Det er opna for å kunne søke om løyve til å arrangere annan organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Forvaltingsplanen har ein nærare definisjon av kva som reknast som organisert ferdsel.

Slik forvaltar ser det er toppturar med ski heilt i grenseland for kva som trengs å søkast om. Sidan toppturar med ski ofte går utanfor etablerte stiar og på barmark om det er lite snø vel vi å handsame søknaden, sidan dette er ferdsel som kan skade naturmiljøet. Det er viktig at slitasjen på terrenget vert så lite som mogleg og at ein i størst mogleg grad følgjer etablerte stiar.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert særskilte artar eller naturtypar som kan ta skade av ferdsla denne tida av året (databasane er sist sjekka 04.09.2017). Hekkande fuglar kan verte forstyrra av ferdselen. Vi veit ikkje om sårbare artar som har hekking nær toppturlokalitetane i dag. Om vi skulle få informasjon seinare vil vi informere nærare om kva område som skjermast for aktivitet.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9, 11 og 12 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

Nasjonalparkstyret oppfordrar alle tiltak som går føre seg på fast basis over fleire år om å søkje om fleirårige løyve. Fleirårige løyve skal følgje styreperioden. Det er difor høve til å søkje for ein 4 års periode.

Arkivsaksnr: 2017/9680-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 04.09.2017

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 17/17 | 07.09.2017 |

Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Nyting av Hattebergdalen i samband med feltskyting under Vestlandsstemnet 2018 - Kvinnherad Skyttarlag

Framlegg frå forvaltar

Med heimel i forskrift om vern av Hattebergdalen landskapsvernområde § 4.2, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Kvinnherad skyttarlag løyve til å gjennomføre Vestlandsstemne i feltskyting i 2018 i Hattebergdalen landskapsvernområde, 6.- 7.juli 2018. Styret meiner stemnet ikkje er i strid med verneføremålet eller påverkar verneverdiane i nemneverdig grad. Arrangementet er ei forbigåande forstyrring for dyreliv, turgåing og friluftsliv. Arrangementet har positive ringverknader for lokalsamfunnet og eit løyve vil gje positive signaleffektar lokalt.

For løyvet gjeld fylgjande vilkår:

- Løyve gjeld for perioden 06.07-07.07.2018
- Løyve gjeld for gjennomføring av Vestlandstemne i feltskyting 2018
- Styret føreset at sikkerheita rundt stemnet vert ivareteke på beste måte
- Løyvet gjeld for gjennomføring av arrangementet slik det er skildra i søknaden
- Løyvet gjeld for inntil 400 deltakarar
- Løyve gjeld for oppsetjing av skytefelt med postar og standplassar, samt mellombels merking og skilting
- Alle installasjonar skal vere mellombelse, og skal fjernast utan spor etter at stemnet er gjennomført
- Løyvehavar må sjølv hente samtykkje frå grunneigarar
- Før stemnet skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@dirnat.no eller på tlf 970 23 013
- Nasjonalparkstyret skal ha skriftleg rapport etter gjennomført stemne – Seinast 01.09.18. Meldinga kan sendast som e-post til fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Nasjonalparkstyret presiserer at reglane innanfor verneområdet ikkje set til sides reglane i anna lovverk.

Søknad

Rosendal skyttarlag har fått førespurnad om å arrangere Vestlandsstemne i 2018. Same stemnet vart gjennomført i 2012. I samband med dette søker Kvinnherad skyttarlag no om løyve til å halde feltskytinga i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Skytinga i landskapsvernområdet er planlagt gjennomført fredag 6.juli frå kl 14.00 – 20.00 og laurdag 7. juli frå kl 08.00 – 19.00.

Skyttarlaget reknar at det vil verte om lag 300 deltakarar på stemnet. Det skal vere rundt 50 deltakarar i landskapsvernområdet om gongen, fordelt på ulike standplassar. Deltakarane skal fraktast til parkeringsplassen på Fossberg (utanfor vernegrensa) med buss. Deltakarane skal ikkje vere ute i terrenget men stå på standplassar som ligg ved hovudvegen. Arrangørane vil ha eit mindre tal folk ute i terrenget som ser til blinkane og passar på stiane. Kvar skyttar vil skyte 30 skot med 6,5 x 55 kaliber heilmantla koparkuler.

Hovudvegen vil vera open for turgåarar under stemnet. Stien på andre sida av elva vil verte stengd. Det vil vere god merking på norsk og engelsk og sett ut vaktar på stien, så ingen kjem inn i området. På nokre stiar vil det stå informasjonsskilt og henge samband så folk som kjem ned stien kan kontakte arrangør og få trygg passasje til hovudvegen.

Det vil i fylgje skyttarlaget ikkje vere behov for å gjere inngrep i natur/terreng for å få gjennomført arrangementet. Det vil bli sett opp mobile toalett på staden og skyttarlaget garanterer at det ikkje vil ligge att søppel i området etter stemnet. Skyttarlaget seiar at Baroniet og andre grunneigarar i dalen stiller seg positive til dette arrangementet.

Avgrensing av negative følgjer

Det er eit mål for skyttarlaget å avgrense ulempene for publikum. Alt utsyr, skilting, sperringar og liknande vert fjerna omgåande etter avslutta skyting laurdag. Målsettinga er å opne dalen for vanleg ferdsel til klokka 17.00 laurdag ettermiddag.

Det vil vere eit særleg fokus på å rydde etter arrangementet og både områda brukt til skiver og standplassområda skal ryddast og kontrollerast så det vert vanskeleg å sjå spor etter aktiviteten når arrangementet er over. Dei viser til rapportane frå skyttarlaget og Statens naturoppsyn frå sluttsynfaring etter siste stemne i 2012, der det vart vist til framifrå opprydding.

Lovheimel

Hattebergsdalen landskapsvernområde vart verna ved forskrift i 2005. Føremålet med vernet er å ta vare på eit eigenartar og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar, geologiske førekomstar og vassdragsnatur. I tillegg skal det vernast om kulturlandskap og ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom enkelt friluftsliv. Området er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting av varige og mellombelse innretingar, gjerde og anlegg.

Det er ikkje direkte heimel i verneforskrifta til å setje opp dei mellombelse innretingane som trengs til skytestemnet difor må søknaden vurderast etter § 48 i

naturmangfaldlova. Etter § 48 i naturmangfaldlova kan forvaltingsstyresmakta gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Organisert bruk av verneområdet er regulert gjennom § 3, punkt 4:

4. Ferdsel

4.1 All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø og kulturminne.

4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskild løyve av forvaltningsstyresmakta. Ut over dette vises det til forvaltningsplanen i § 7.

Vurdering

Hattebergsdalen er ein mykje nytta innfallsport til fjellmassiva innanfor og er lett tilgjengeleg for turgåarar i alle kategoriar. Dalen ligg slik til at den eignar seg godt for dagsturar for folk som besøker andre attraksjonar i området Rosendal.

Vestlandsstemnet med 250-300 deltakarar er eit stort arrangement som fører med seg mykje støy og forstyrring inn i verneområdet på ein tid då det er venta mange besøkande. Vi har ikkje konkrete tal på kor mange besøk vi har i verneområdet kvart år. Ein vil ikkje kunne koma seg inn dalen utan å gå gjennom området kor feltskytinga går føre seg, sjølv om vegen er open for gjennomgang. Stien på andre sida av elva vil bli stengd under stemne. Skyting i to heile dagar vil også føre med seg mykje støy. Å legge eit skytestemne til ei tid på året kor turisttrafikken er på sitt høgste er uheldig og lite tenleg. Det er difor viktig at arrangøren sørger for å informere breitt ut til folk.

Slik ein ser det ut frå dei opplysningar arrangørane har gjeve om arrangementet, og ut frå dei fakta som ligg om naturen i området på naturbasen, er det ikkje noko som skulle tilseia at dette arrangementet vil føre til vesentleg skade på naturmangfaldet, jf § 8 i naturmangfaldlova (databasene sist sjekka: 06.09.2017).

Skyttarstemnet vil føre til at det vert liggande igjen opp mot 10 000 skot med koparkuler i terrenget bak skyteskivene. Om koparnivået vert for høgt i jord og vatn vert det giftig for mange organismar. Det er ikkje gjort målingar av koparnivået i jorda eller vatnet som renn gjennom området som vert nytta til feltskyting og vi kjenner ikkje til kva som er bakgrunnsnivået av kopar i jord og vatn i verneområdet. Etter § 9 i naturmangfaldlova skal ein vurdere strengare ved tilfelle der ein ikkje har kunnskap om effektane av eit tiltak. Etter samtaler med fagfolk som arbeider med miljøpåverknader frå skytebanar i Forsvarsbygg vert konklusjonen frå forvaltar av miljøpåverknadene av koparen i dette tilfellet truleg er veldig liten. Om det vert fleire slike skytestemne i framtida, vil forvaltingsstyresmakta vurdere å overvake koparnivået i området for å sjå om samla belastning vert for stor, jf naturmangfaldlova § 10.

Arrangementet fell inn under det forvaltningsplanen ser på som organisert ferdsel:

«Organisert ferdsel har ein når ein aktivitet krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking.»

I forvaltningsplanen for Hattebergdalen landskapsvernområde er bruken av området til feltskyting teke opp som eige punkt:

«Hattebergdalen vert årleg nytta i samband med feltskyting. Arrangementet vert lagt til ei helg tidleg om våren. Aktiviteten fører ikkje til inngrep i landskapet, og vil slik ikkje vere i strid med verneføremålet. Aktiviteten skjer òg til ei tid på året då turtrafikken gjennom området er låg. Det er viktig at denne aktiviteten ikkje kjem i konflikt med turgåing og friluftslivet sine vilkår i dalen, og tidspunktet for arrangementet vil difor vere ope for diskusjon.»

Før forvaltningstyresmakta kan gje løyve til organisert ferdsel i landskapsvernområdet, skal dei i fylje forvaltningsplanen vurdere:

- Om verksemda fører med seg særleg fysisk tilrettelegging utover det som er aktuelt for å drive enkelt friluftsliv.
- Om verksemda er til trengsel for det naturlege friluftslivet.
- Om det kan setjast nærmare vilkår for eit eventuelt løyve.

Førre gong det var søkt om å arrangere dette stemnet vart det tilrådd å avslå søknaden frå forvaltar, fordi stemnet hadde eit særst stort omfang og hadde omfattande negativ verknad på anna friluftsliv når det pågjekk. Rapporten etter førre stemne var utelukkande positiv med tanke på gjennomføring, opprydding og tilbakemeldingar frå publikum og berørte partar.


Alle tiltak som skal gjerast i forbindelse med arrangementet er mellombelse og vil i følge søkjar ikkje føre til skade på terreng. Det skal setjast opp mobilt toalettanlegg, bos vil bli rydda, all merking skal vere av ein slik karakter at det kan fjernast etter bruk. Ein skal heller ikkje drive med motorisert transport av deltakarar inn i landskapsvernområdet. Sjølve installasjonane vil ikkje stå oppe meir enn tre døgn.

I følge søkjar er det ikkje eigna alternative lokalitetar for arrangementet utanfor landskapsvernområdet. Det har tidlegare har vore arrangert lokale feltstemne i Hattebergdalen i månadsskiftet mars/april.

— STRAND PLAGGER

— STI

— PARKERING FOSBERG



X 220800

X 220000

Y 800

Oversikt over tiltaksmidlane til Folgefonna nasjonalparkstyre 2017

| Verneområde | Skildring | Søkt om | Førebels tildeling | |
|---------------------|---|---------|--------------------|--|
| Folgefonna NP | Forprosjektering innfallspørt Etne <i>I tråd med besøksstrategi (under arbeid) vil Folgefonna nasjonalparkstyre vere med å tilrettelegge for ein innfallspørt/utsiktspunkt for Folgefonna i Etne. Forprosjektering vil gå ut på å planlegge kor eit slikt informasjonspunkt skal ligge og planlegge utforming og gjennomføring av tiltaket</i> | 50 000 | 50 000 | Brukes på landskapsarkitekt for å planlegge informasjonsområde rundt nytt bygg på Langfoss. Ventar på tilbod frå arkitekt. |
| Buer LVO | Benker og bord ved innfallspørt Buer <i>Innfallspørt Buer opplever stor auke i tal besøkande og det er ønskeleg å tilrettelegge med bord og benkar for dei besøkande nede i sjølve Buer. I tråd med besøksstrategi (under arbeid)</i> | 70 000 | | Pengane til tiltaket vart utbetalt frå fjorårets restmidlar. |
| Bondhusdalen LVO | Reparere bru ved Sandarvollen <i>Brua på Sandarvollen treng rekkverk etter ein flaum</i> | 10 000 | 10 000 | Fått søknad frå Bondhus grunneigarlag på 10 000. Ventar på faktura |
| Folgefonna NP | Hengebru over Skrelet <i>Innfallspørt Ullensvang, Buførevegen har behov for eit infrastrukturiltak ved ei bru for å kunne gje gåande eit godt alternativ for å kome inn på stien frå Reisetser. Tiltaksmidlane vil dekke brukar og fundamentering.</i> | 15 000 | SNO | Utbetalt |
| Buer LVO | Utbetring av sti til Buerbreen <i>Stien til Buerbreen er mykje brukt (over 20 000 besøkande kvart år). Nokre parti av stien er vanskeleg å forsere og andre parti er sterkt prega av slitasje og treng tilrettelegging for å vere trygge.</i> | 100 000 | | Fått forespurnad om pengar, men ikkje konkret overslag. Odda kommune er tiltakshavar. |
| Hattebergsdalen LVO | Reparere bru ved Fossberg | 50 000 | | Grunneigar har fått 120 000 frå |

| | | | | |
|---|--|----------------|------------|---|
| | | | | naturskadefondet. Tiltak ikkje gjennomført enno, usikkert om tiltaket treng ekstra finansiering frå oss. |
| Alle verneområda | Kartlegging av kulturminne | 100 000 | 50 000 | Desse pengane er det ikkje konkrete planar for bruken av enno. Vurderer moglegheiten for å bruke dei på ein kartlegging av byggeskikken på stølane i verneområda. |
| Alle verneområda | Kartlegge stislitasje | 50 000 | | Vert ikkje gjennomført i år, då vi avventer vegleiar frå Miljødirektoratet |
| Alle verneområda | Besøksundersøking | 50 000 | | Lovnad om finansiering til dette i 2018 frå Miljødirektoratet |
| Alle verneområda | Løveskilt | 20 000 | SNO | Olaf Bratland har pengar til dette - utbetalt |
| | | 515 000 | | |
| <i>Tiltak som har kome inn etter vi søkte om pengar</i> | | | | |
| | Ringverknadsanalyse av opplevingsbasert turisme på Folgefonnhalvøya | 50 000 | 50 000 | Ventar på faktura, tiltak gjennomført |
| | Plastring i Hattebergselva - Elva har gravd seg inn i massane nærast vegen og gjort store skader. Tiltaket vart gjort i samband med arbeidet med å grave ned vassleidning fordi elva var i ferd med å grave seg inn til veg, vassleidning og nedgraven straumkabel. | ? | 30 000 | Spleiselag mellom kommunen, Kvinnherad energi og nasjonalparkstyret. Ventar på faktura. |

| | | | | |
|------------------------------|--|---------|---------|---|
| | Gardshammarvegen - Eit ras som gjekk i vår sperrer Gardshammarvegen. | 50 000 | 50 000 | Fått tilbud om jobben for 100 000 fra Dimmelsvik Entr. AS, halvparten går fra oppsparte midler på besøkscenteret sin konto. Ventar på endeleg kontrakt og arbeidsavklaring frå entreprenør. |
| Frå Miljødirektoratet | | | | |
| | Tildelt til SNO | 39 000 | | Olaf bruker desse |
| | Tiltak i verneområde – pott | 200 000 | | |
| | Besøksstrategi | 50 000 | | Pengane brukte på ringvirkingsanalyse |
| Førebels tildelt | | | 240 000 | |
| REST | | | 10 000 | |

DS 14/17 Delegert vedtak - Kvinnherad - Landingsløyve for helikopter - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna Opp

DS 15/17 Delegert vedtak - Motorferdsel med heilkopter i samband med ombygging av stølshus - Vierdal - Folgefonna nasjonalpark

DS 16/17 Delegert vedtak - Motorferdsel med heilkopter i samband med ombygging av stølshus - Vierdal - Folgefonna nasjonalpark

DS 17/17 Delegert vedtak - Søknad om motorferdsel for befaring i samband med filminnspilling - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 18/17 Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Buerdalen - Godkjenning av tiltak fra Buer til Buarbreen

DS 19/17 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Bruk av helikopter til transport av materialer og verktøy - Bu/stølshus i Lundal

DS 20/17 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om å fly helikopter til Holmaskjer med proviant - Odda Ullensvang turlag

DS 21/17 Delegert vedtak - Motorferdsel med helikopter i Folgefonna og Buer - forskning - Norges geologiske undersøkelser

DS 22/17 Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport til Fonnabu og Breidablikk turisthytter

DS 23/17 Framlegg til AU - Søknad om å køyre med bil til Bondhusvatnet - Bondhusdalen landskapsvernområde - Møteplassen Aksen